



*Ulla Skulehus Haramsøy*  
*Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886*

## Styremøte Ulla Skulehus 14. november 2016

Elektronisk styremøte

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Randi Ulla Nogva og Peder Ulla

### Sak 6 2016/2017

#### Rørleggjar

Knut har snakka med rørleggjaren i dag. Han seier at det er pålagt å ha sikkerheitsventil for vannstopp i benk med oppvaskmaskin etter dagens reglar. Etter retta skal det vere sluk i rom med varmtvasstank, men det var ikkje aktuelt, men då blir magnetventil erstatning for dette. Dette vart ei dyr løysing, ca kr 5000. Vidare hevda han at han hadde brukt 12 timar, men slo av til 9,5 på fakturaen. Dette er ikkje råd for oss å kontrollere. Varmtvasstank hadde vi fått pris på og den stemmer med fakturaen, kr 5000 inkl mva. Då er alt gjort etter alle reglar, og det er i orden i tilfelle det skulle skje noko gale. Vi godtek forklaringa, og betalar tilsendt faktura på kr 19360.

### Sak 7 2016/2017

#### Forsikring

Vi har i dag Eika Forsikring med forfall 2.12.2016 kr 4334. Vi har prøvd å innhente tilbod frå alternative selskap, men berre fått svar frå Gjensidige. Der har vi fått eit tilbod som inneheld betre vilkår når det gjeld forsikringssum og eigenandeler. Elles inneheld det same vilkår, men no er innlagt vatn kome til. Det er ikkje med i Eika sitt krav på kr 4334. Forsikringspremie for Gjensidige er kr 3710. Vedtak: Vi skiftar selskap til Gjensidige og godtek tilbodet.

### Sak 8 2016/2017

#### Samla kostnad vatn og avløp

Peder Rogne, alt frå graving, rør til mur, septiktank, kum ved mur, stoppekrantar og toalett: kr 49676. Denne fakturaen er bokført og betalt i rekneskapen forrige år. I tillegg to kumlokk. Første jobb for rørlegger gjeld vatn frå mur og inn til wc, inkl vassmålar og avløp: kr 20551. Andre jobb som kommentert ovanfor kr 19360. Tilknytingsavgift til Haram kommune (eingongsavgift) kr 12500.

Peder Rogne samla	49 676
Kumlokk	1 990
Rørleggjar til WC	20 551
Rørleggjar til kjøken	19 360
Tilknytning vatn	12 500
<b>Sum vatn og avløp</b>	<b>104 077</b>



*Ulla Skulehus Haramsøy*  
*Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

### **Sak 9 2016/2017**

#### **Likviditet**

I bank pr i dag		50 182
Krav frå rørleggjar	-	19 360
Forsikringspremie	-	3 710
<b>Sum til disposisjon</b>		<b>27 112</b>

### **Sak 10 2016/2017**

#### **Elektrisk straum**

Vi har laga eit forslag til elektriske punkt. Vi skal ta kontakt med Jarle Åkre så han får sjå på det og kome med gode råd. Vi vil begynne med elektrisk opplegg innvendig med dei midlane vi har. Det er sikkert fleire som kan hjelpe Jarle med arbeidet dersom det er aktuelt. Så får vi inn ca kr 40000 i medlemskontingent neste år hvis vi greier å behalde alle medlemmane, eller kanskje verve nokre nye. Dette må finansiere fullføring av det elektriske anlegget hvis vi ikkje greier å få inn meir pengar på annan måte.

Knut Hallvard Ulla  
Skrivar